



## Heftig tunnelvekst



Trafikken aukar og aukar i Følgefonntunnelen. Aldri har fleire bilar køyrd gjennom tunnelen enn juli i år. Då passerte det i snitt 1670 bilar om dagen, og totalt var det over 50.000 passeringar gjennom bomstasjonen i Austrepollen. Totalt reknar ein med at

rundt 350.00 bilar vil køyra gjennom Følgefonntunnelen i år. Jondalstunnelen opplever og stadig vekst i trafikken.

# Ny rektor, nye lærarar, ny skule

– Dette vert ein annan skule, det må alle vera klar over, seier den nyttilsette rektoren ved Ølve Montessoriskule.

Hein Bondevik er like spent som ein førsteklasing som gler seg til skulestart, men samstundes har ein verkande klump i magen som er fylt med spenning. Om få dagar kan han ønska 36 elevar velkomne til den nye, private Ølve Montessoriskule. Den nye rektoren kjem frå Lindås, men er busett i Baldersheim, ein 20 minuttars biltur frå skulebygget i Ølve. Han kjem frå jobben som lærar ved Vinnes Friskule i Fusa.

– Eg er berre ei rektorspire. Dei tok ein sjanse då dei tilsette meg. Men eg vil gjera alt eg kan for å visa meg tilliten verdig, seier 43-åring.

Han sit i eit nyinnreia rektor-kontor, bak eit nakent skrivebord og tome hyller. Planlegginga av innhaldet i det nye skulekonseptet er i full gang. Nyrektoren er full av optimisme.

– Målet er å skapa ein god skule. Det har vi alle føresetnader for å innfri. Vi har tilsett tre dyktige og fornuftige pedagogar, har eit godt læringsmiljø og ei bygd med innbyggjarar som er glade i skulen sin. Det er verkeleg kjekt å vera ein del av dette, seier skulestyraren.

Han er gift med Ingunn frå Sunde og er svigeren til Reidar Sætre, den tidlegare rektoren ved Sunde skule.

## Betre utgangspunkt

Hein Bondevik meiner elevar ved Montessoriskulen får eit betre utgangspunkt enn elevane i den tradisjonelle kommunale skulen. Fridom og orden, tilrettelagd læringsmiljø, gjensidig respekt og ansvar for omgivnaden er omgrep som går som ein raud tråd gjennom filosofien til Montessoripedagogikken. Borna skal ha fridom til å velja arbeidsoppgåver og få høve til å jobba uforstyrta i eigen takt med tilpassa arbeidsmateriale.

– Den store forskjellen frå den tradisjonelle skulen er at Montessori-elevane har mykje større valfridom. Her klarer ein å sjå den einskilde, og tek utgangspunkt i eleven sine evner, forklarar Bondevik.

Han understrekar at dette ikkje er noko skummelt eller mystisk. Læreplanen er offentlig godkjend.

I klasseromma skal det vera både blomar og fiskar. Frukt skal vera tilgjengeleg for alle elevane kvar dag.

## Ikkje ei døgnfloge

Bondevik trur ikkje den nye privatskulen i Ølve vert ei døgnfloge, der engasjementet i lokalsamfunnet vil døyt ut.

– Nei, dette vert ikkje ei døgnfloge, det er eg heilt overtydd om. Folk i Ølve er glade i skulen sin. Dei omtalar den som skulen vår, seier ein optimistisk rektor.

Han ser at det vil bli ei spennande tid for dei 36 elevane



NY REKTOR: Hein Bondevik gler seg til å opna nytt skuletilbod i Ølve.

som møter heilt nye lærarar og ein ny pedagogikk.

Men sjølv om Ølve Montessori er ein privat skule, ønskjer ikkje Bondevik at den skal bli ein stat i staten.

– Eg er oppteken av å ha eit godt samarbeid med Kvinnherad kommune. Dette er Kvinnherad-elevar. Vi ønskjer å vera ein del av Kvinnherad kommune. Eg er i ein positiv dialog med den nye kommunalsjefen, Anne Sofie Kjeka, seier rektoren.

Neste torsdag tek han i mot elevane som han skal losa trygt gjennom neste skuleår.

– Eg gler meg, men har ein spent klump i magen, smiler den sympatiske rektoren.

Arne Lindeflaten  
arne@kvinnheringen.no

## Alle bidreg til ny skule

**Då kommunestyret vedtok å leggja ned Ølve skule, vart det starten på eit engasjement og ei dugnadsånd som ein knapt tidlegare har opplevd i bygda.**

Vedtaket tende og fyrte opp eit engasjement hos folk i alle aldrar. I løpet av våren og sommaren er det utført over 1000 dugnadstimar for å rusta opp det gamle skulebygget. Pengegåvene har strøymt inn, frå laksekongar, bedrifter og

minstepensjonistar. Beløpa har variert frå 1000 til 50.000 kroner. Til no er det kome inn 180.000 kroner.

Resultatet er blitt ein heilt ny skule som gjer at elevane kjem til eit perfekt fysisk læringsmiljø. Gamle omnar er erstatta av tre nye varmpumper, finansiert av Alsaker Fjordbruk på Tynes. Det er bygd nytt handikaptalett og lærarane får betre arbeidsforhold.

Blant dei som har bidreg med over 100 dugnadstimar, er 80 år gamle Andreas Skarvatun. Den gamle telemontøren har utført mykje

snekkararbeid, listing og oppussing av golv. Då vi møter han er han i full gang med slipemaskinen og pussar opp ei av inngangsdørene.

– Vi må støtta skulen vår. Dette er eit prosjekt som heile bygda stiller opp for, seier 80-åringen.

Han har to barneborn som er elevar ved skulen.

Jostein Rødland er styreleiar for den nye privatskulen, og har stått på natt og dag for å få på plass alt det formelle.

– Eigentleg har eg jobba meir eller mindre med dette sidan 2002, då nedleggings-

# og heilt ny giv



## Flyttar heim til ny skule på Ølve



**FLYTTA HEIM:** Hildegunn Nepstad flyttar tilbake til Ølve med mann og fire born. No er ho klar for sin aller første lærarjobb ved den nye skulen i Ølve.

### For 10 år sidan flytta ho frå Ølve. No er ho tilbake med fire born, mann og ny lærarjobb.

Jostein Rødland hadde eit håp om at dersom ein kunne få på plass eit permanent skuletilbod, ville folk flytta tilbake til Ølve. Håpet er i ferd med å bli innfridd.

Hildegunn Nepstad (29), kjem frå Ølve, men var inntil for kort tid sidan busett med fire born og mann i Knarvik i Nordhordland. Ho var ferdig med lærarutdanninga i vår, no er ho tilbake på skulen der ho var elev for 16 år sidan, som lærar.

– Det var ikkje planen at eg skulle flytta tilbake til Ølve. Men då tilbodet om lærarjobb i heimbygda dukka opp, klarte eg ikkje å seia nei. No er eg her, men det kjennest litt rart, seier Hildegunn.

Ho fortel om ei strålende mottaking blant bygdefolket. Mannen hennar kjem til å pendla frå Ølve til jobben i Knarvik nokre dagar i veka. Tre av dei fire borna hennar skal byrja på den nye privatskulen.

– Eg er mektig imponert over det bygdefolket har gjort med det gamle skulebygget. Kjempebra. Det som no står att, er at borna finn seg til rette her, men det går nok bra, seier firebarnsmora.

Om få dagar er ho klar for sin første skuledag som lærar.

Jostein Rødland håpar fleire vil følgja etter Hildegunn.

– Eg har fått signal frå fleire utflytta ølvesbuar som no vurderer å flytta heim etter at vi har fått ein skule som ikkje er nedleggingstruga, seier Rødland.

Arne Lindeflaten  
arne@kvinnheringen.no

spøkelset først dukka opp, seier Rødland.

Men tidlegare i år såg det mørkt ut med tanke på å få realisert planane om ein privat skule.

– Vi var heilt på nippet til å gje opp det heile. Men i siste sekund, løyste det seg, seier styreleiaren.

Han er mektig imponert av det engasjementet og den innsatsen brorparten av dei i underkant av 500 innbyggjarane i Ølve har vist.

– Det er mest som eg har lyst til å takka politikarane for at dei vedtok å leggja ned skulen, slik at vi no får vist det store engasjementet og samhaldet som er i Ølve-samfunnet, seier Rødland.



**DUGNAD:** 80 år gamle Andreas Skarvatun har lagt ned over 100 timar på oppussing av det gamle skulebygget.



**PÅ Plass:** Jostein Rødland kan pusta letta ut etter at alt er klart for opning av Montessoriskulen i Ølve. Her saman med rektor Hein Bondevik.